



Skjåk kommune

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Vår ref
2015/940/29/033

Dykkar ref:
«REF»

Saksbehandlar
Andrea Brennhaug

Dato
19.10.2016

andrea.brennhaug@skjaak.kommune.no

Referat frå møte i Brukarrådet den 18. oktober 2016

Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 09:00 – 11:00
Forfall: Eva Therese Hyrve – varamann kunne ikkje møte
Referent: Andrea Brennhaug

Sakliste:
Sak nr. 34/16: Godkjenning av innkalling/sakliste og referat.
Sak nr. 35/16: Budsjett for 2017.
Sak nr. 36/16: Skjåkheimen – renovering og ombygging – Hilde Reitan orienterte.
Sak nr. 37/16: Samanslåing av Brukarråd og eldreråd.
Sak nr. 38/16: Legesituasjonen i kommuna.
Sak nr. 39/16: Reparasjon av hjelpemidlar.
Sak nr. 40/16: Tilbod til kronisk sjuke – muskel og sjelett.
Sak nr. 41/16: Eldredagen.

Sak nr. 34/16
Ingen hadde merknad til innkalling og sakliste. Referat godkjedt.

Sak nr. 35/16
Brukarrådet har ikkje konto for tapt arbeidsforteneste. Siste året har det vorte behov for det, noko som kan gjera at budsjettet blir fort oppbrukt. Brukarrådet meiner at budsjettet må aukast i høve ein slik post.

Postadresse
Moavegen 30
2690 Skjåk

Heimeside
www.skjaak.kommune.no
E-post
post@skjaak.kommune.no

Telefon
61217000

Bank
2085.07.40004
Org.nr
961381096



Brukarrådet meiner og at budsjettet bør baserast på at Brukarrådet skal halde minst 10 møter i året.

Brukarrådet vil understreka at dersom dei skal kunne uttale seg i saker på eit tidleg stadium så må dei ha høve til å ha møte når saka blir oversendt – det er ikkje lett å samle saker å ha sjeldnare møter, da det som oftast er korte fristar.

Sak nr. 36/16

Hilde Reitan orienterte om planane for reovering av Skjåkheimen. Ho svara og på spørsmål som Brukarrådet hadde i høve dette. Orientering sjå vedlegg.

- Reidun Skjelkvåle Aaboen har merknad til kjøkkenløysinga på Framstugu. Ho meiner det blir for lite plass til anretning.
- Ho har og merknad til at det skal takast såpass mykje plass frå arbeidsstugu. Er det mogleg å redusere dette.

Sak nr. 37/16

Samanslåing av Eldreråd og Brukarråd.

Brukarrådet fekk utdelt saka frå rådmannen på møtet. Dei valde å uttale seg om saka.

Medlemmane meiner det er dårleg å legge ned eit velfungerande Brukarråd. Rådet har fått mange attendemeldingar på at dette er tilfelle.

Brukarrådet skal uttale seg om alle aldersgrupper, medan eldrådet skal konsentrere seg om den eldre generasjon. Dei meiner at det må bli vanskeleg å ha eit felles råd når det dukkar opp saker som gjeld yngre mennesker.

Brukarrådet vil og vise til veileder i eldrerådsarbeid punkt 3, der det står:

3. Felles råd for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne

3.1 Felles råd for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne

Fra og med valgperioden 2007 – 2011 er det også lovpålagt å ha råd eller annen representasjonsordning i kommuner og fylkeskommuner for mennesker med nedsatt funksjonsevne.

Samtidig er det åpnet for at kommuner og fylkeskommuner kan vedta å opprette felles råd for eldre og funksjonshemmede.

Eldrerådslovens §§ 4a og 8a regulerer en slik ordning.

I vedlagte rundskriv presiserer departementet at dersom eldre og funksjonshemmede ikke ønsker et felles råd, så vil ikke et felles råd oppfylle formålet med loven.

Departementet ser det som avgjørende at de berørte, det vil si organisasjonene og de etablerte rådene, blir hørt før kommunen/fylkeskommunen tar stilling til om det skal opprettes felles råd. Det sies klart at felles råd for eldre og funksjonshemmede bare bør velges unntaksvis.

3.2 Valg og sammensetning av felles råd

Kommunestyret og fylkestinget vedtar selv mandatet og sammensetningen av felles råd.

Det samme gjelder fastsettelse av antall medlemmer med varamedlemmer.

Departementet anbefaler også her at aktuelle/berørte organisasjoner får anledning til å uttale seg når antall medlemmer skal fastsettes.

Eldrerådslovens bestemmelse om at alderspensjonister skal være i flertall og at leder og nestleder velges blant alderspensjonistene, gjelder ikke ved valg av felles råd. Leder og nestleder i felles råd skal oppnevnes av kommunestyret/fylkestinget.

I det vedlagte rundskrivet går det fram at saksområdet for et eventuelt felles råd vil være alle saker som angår eldres levekår, og saker som er særlig viktige for mennesker med nedsatt funksjonsevne. Veileder ligg ved saka.

Vedtak:

På dette grunnlaget vil ikkje Brukarrådet gå inn for eit felles råd.

Samrøystes.

Sak nr. 38/16

Brukarrådet hadde spørsmål om legesituasjonen i kommuna. Dei valde å ta opp dette med Hilde Reitan.

Ho svara på spørsmål og orienterte om korleis situasjonen er i dag og korleis planane er framover.

Sak nr. 39/16

Hjelpemidlar.

Monica Wegner tok opp rutinane ved reparasjon av hjelpemidlar. Ho har erfaring med at det kan ta veldig lang tid, og at hjelpemidla vert sende heilt til Gjøvik for reparasjon. Ho meiner at det er ein del reparasjonar som vaktmester kan gjera, slik at ein slepp å vente så lenge før det blir i orden.

Brukarrådet ynskjer å invitere Karin Aune Ulen på neste møte. Dei ynskjer da at ho orienterer om rutinane i dag.

Sak nr. 40/16

Reidun Skjelkvåle Aaboen tok opp tilbod til mennesker med kroniske muskel og sjelettplager. Det er fleire grupper i svømmehall og idrettshall som er eigna for denne gruppa, men tilboda er stengt borimot 5 månader i året. Ho meiner dette er svært beklageleg, da desse treng tilbod heile året.

Brukarrådet sluttar seg til Reidun si meining, og vil sende saka over til Gunvor Hesla.

Sak nr. 41/16

Eldredagen.

Reidun Skjelkvåle var tilstades på eldredagen. Ho rosa arrangementet, men tykkjer det var svært beklageleg at det var så vanskeleg å høyre det som var sagt.

Brukarrådet sluttar seg til uttala og sender ei oppfordring til rådmannen om å anskaffe høgtalaranlegg i kommunestyresalen.

Kopi til:

Svein Holen

Hilde Reitan
Gunvor
Hesla
Karin Aune
Ulen